



Lindås og Meland Sau og Geit  
c/o Ole Johan Eidsnes Eidsnesvegen 153  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar: Ørjan Jacobsen  
Vår: 21/10657 - 21/87453

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
22.12.2021

## Tilskot til Bondens dag i Knarvik 25.09.2021

**Administrativt vedtak: Saknr: 1375/21**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune løyver kr 5 000 til Lindås og Meland Sau og geit til arrangementet Bondens dag i Knarvik .**

**Tilskotet vert dekkja av budsjettpost konto 14 700 teneste 3290, ansvar 7130**

**Tilskotet vil verta utbetalt i løpet av eit par veker.**

### **Saka gjeld**

**Lindås og Meland Sau og Geit arrangerte 25.09.21 bondens dag i Knarvik Senter. Arrangementet er i samarbeid med bondelaga i Alver og Vest villsaulag. Det er mellom kåringsgå som er ope for publikum, sal av lokalmat, i tillegg ulike aktivitetar som klipping av sau m.m.**

### **VURDERING:**

Bondens dag er eit flott arrangement og ein viktig arena for marknadsføring av landbruket i Alver. I tillegg er sauekåring eit viktig tiltak for avlsarbeidet på sau og ein møteplass for sauebønder.

Det er ikkje levert inn noko kostnadsoverslag, men tidlegare år har det vore gitt kr 5 000 frå kommunen. Det vert difor løyvd kr 5 000 i tilskot for 2021.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/10657»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Sirl Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås og Meland Sau og Geit

c/o Ole Johan Eidsnes  
Eidsnesvegen 153

5913

EIKANGERVÅG